



Gripen Gard v/ Helene Sollid
Gripavegen 86
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4606 - 16/2777

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
12.02.2016

Godkjenning av søknad om utsett arbeidsfrist SMIL-prosjekt restaurering av smie og vognskjul Gbnr. 38/2 - Gripen

Administrativt vedtak. Saknr: 37/2016

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 05.02.2016.

Meland kommune har motteke søknad frå Helene Olli Sollid om at fristen for å gjere ferdig SMIL-tiltak som det er løyvd midlar til vert utsett. Tiltaket gjeld restaurering av smie og vognskjul på gnr. 38 bnr. 2 i Gripen saknr. 12/1784. Arbeidsfristen gikk ut i desember 2015.

Vurdering:

Prosjektet har kome i gang, men en del står att. Det er trong for meir tid for å fullføre prosjektet med å restaurera bygget.

Det er søkt om utsetting med 2 år for å gjennomføra prosjektet. Det er høve til å forlenga arbeidsfristen med 2 år fram til 31.12.2017. Kommunen vurderer det slik at den grunnen som ligger bak at arbeidet ikkje er avslutta innan fristen, må aksepterast. Det er viktig at arbeidet kan slutførast, og utsett frist vert løyvd.

Vedtak

"Meland kommune gjev med dette Helene Olli Sollid utvida frist til 31.12.2017 med å gjennomføre siste del av tiltaka som det vart løyvd pengar til i delegert vedtak, sak 12/1784. Det er ingen endring i vilkåra som gjeld for gjennomføring. Kommunen syner i denne samanheng til vedtaket som vart fatta i delegert vedtak, sak 12/1784.

Vedtaket har heimel i § 3 forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket "

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

P.b 7310

5020

BERGEN

Mottakere:

Gripen Gard v/ Helene Sollid

Gripavegen 86

5918

FREKHAUG